

# EIT HISTORIEVERK FOR HEILE HARDANGER



FRUKTBARE  
HARDANGER



*Regionhistorie for*  
***Hardanger***

**H**ardanger som region står ved eit tidsskilje. Sterke endringar har skjedd og skjer innafør felt som samferdsle, helse, utdanning og næringsutvikling. Nye politisk/administrative inndelingar vert og diskutert. Ei regionshistorie kan bli ei bru mellom folk i Hardanger og eit viktig samarbeidsprosjekt som kan gje positive ringverknader kommunane i mellom.

Eit regionshistorisk bokverk for Hardanger vil styrka Hardanger som region innad og utad.



*“Her i fjorden har dei store tradisjonsinnsamlingane teke vare på den flyktigaste sida av kulturen, og dette stoffet utgjer ein verdfull og enno nesten ubrukt skatt for historisk forskning.”*

Professor Ståle Dyrvik

*“Etter Hardangerrådet si vurdering vil bokverket vera både eit kulturelt og næringspolitisk tiltak som kan styrkja Hardanger som region i framtida.”*

Hardangerrådet



## KVIFORTRENG ME EI REGIONHISTORIE FOR HARDANGER?

- Hardangerregionen har rikt historisk kjeldestoff, både i bygdebøkene og i annan lokalhistorisk litteratur. Dette er spreidd over eit stort spekter av emne, det er for det aller meste lokalt forankra, og ein stor del har ei form og eit språk som mange i vår tid ikkje kjenner seg heime i, spesielt dei unge. Medan bygdebøkene er prega av fragmentering, skal regionhistoria syna heilskap.
- Hardanger treng difor eit bokverk som omfatar heile regionen, og som kan setja historia inn i nye perspektiv, innretta mot dei unge i vår tid og mot komande generasjonar.
- Regionhistoria vil ha eit pedagogisk siktemål, både med tanke på grunnskulen, den vidaregåande skulen, høgskular og universitet. Me vonar òg at det vil verta eit viktig kjeldeskrift for kommunane.
- Regionhistoria skal vera eit samlande og påliteleg oversyn som er fagleg forankra i nyare gransking.
- Regionen er eit av dei tyngste kulturminneområda i Noreg. Det ynskjer me å synleggjera gjennom eit slikt verk.
- Hardanger-namnet vert brukt i fleire og fleire samanhengar, også i næringspolitisk samanheng. Dette verket vil byggja opp under slike tiltak.



## REGIONHISTORIE FOR HARDANGER ER EIT SAMARBEIDSPROSJEKT MELLOM

Hardanger Historielag, Hardanger Museum, Ulvik herad, Granvin herad, Eidfjord kommune,  
Ullensvang herad, Odda kommune, Kvam herad og Jondal kommune

*Historia peikar heile tida framover.*

*Skaparkraft, frå fjord og fjell, i foss og bølge.  
Næring, samfunn og kultur.*

*Alt blir grundig omtalt i dette historieverket som vil  
setja sitt preg på kjensla av å høyra Hardanger til.*

Sjå [www.hardanger-historielag.com](http://www.hardanger-historielag.com) for meir informasjon!

### OMFANG

Kronologisk ordna historie.

Band 1. Den eldste saga fram til 1660

Band 2. Tida 1660 - 1850

Band 3. Tida 1850 - 2010

Sidetal kring 1200 sider fordelt  
på dei tri banda.



# Regionhistorie for *Hardanger*